


Etablering av kontaktsforum for kristent fengselsarbeid



Av JARLE KLUNGREHAUG

For de av dere som leser Diakonos inngående, husker sikkert temanummeret om fengselsarbeid. En av hovedutfordringene for dette arbeidet var å få denne delen av det diakonale landskapet inn i strukturerte rammer. Fengselsdiakon Jarle Klungrehaug kan fortelle om det siste skrittet i denne retning.

Det er for tida mange ulike aktørar og frivillige organisasjonar/kyrkjesamfunn som er engasjert i fengselsarbeid. Lengst tradisjon innan dette feltet i Noreg har Frelsesarmeen, som snart har halde på i 80 år. Dei siste åra har stadig nye aktørar kome på bana, noko som blant anna har samanheng med at justisdepartementet har bevilga pengar til frivillige organisasjonar til dette arbeidet. Nye aktørar ser vi positivt på ut frå at behovet for menneskeleg kontakt med folk ute medan ein sit i fengsel, er svært stort. Det har så langt ikkje vore noko problem at desse organisasjonane har "konkurert" med kvarandre. Vi utfyller kvarandre og er samarbeidspartnarar, sidan behova og utfordringane er så store og mange. Mykje av koordineringa av samarbeidet har gått via fengselsprestane.

UTVEKSEL IDEAR OG ERFARINGAR

Som nyttilsett fengselsdiakon i Indremisjonen, har eg freista å orientere meg om kven som er aktørar innan feltet fengselsarbeid. Inntrykket er at mange driv eit godt arbeid, og tilbodet er variert. Det som slår meg er likevel at dei fleste sit på kvar si tue og har nok med seg og sitt. Dei har nær kontakt med prestane og så stansar det der. Kva med å sjå seg sjølv som ein del i ein stør-

re samanheng, og tenkje strategi og handling ut frå det? Kva behov og utfordringar finst, kva blir dekkja av andre og kva kan vi bidra med i dette biletet ut frå egne ressursar? Ved å etablere kontakt med andre, kan ein utveksle idear og erfaringar som kan vere til gjensidig nytte. Ved utveksling av informasjon om korleis den enkelte arbeider, kan ein lettare utvikle arbeid som utfyller kvarandre slik at fleire av behova til fangane vert dekkja. I mange samanhengar vil det også vere naturleg å samarbeide om enkelte oppgåver, utan at dette treng gå ut over eins eige særtrekk og arbeidsfelt.

POSITIV SIGNALEFFEKT

Ved å etablere eit kontaktforum for kyrkjelydar og organisasjonar/grupper som er engasjert i fengselsarbeid, vil ein få ein møteplass og eit forum som kan setje i gang slike kontaktprosessar. Eg trur dette vil styrkje det totale kristne fengselsarbeidet, og på sikt betre tilbodet til dei innsette. Overfor departementet og bevilgande styresmakter trur eg også det vil ha ein positiv signalverdi at organisasjonane styrkjer samarbeidet, og betre sjansane for auka overføringar over statsbudsjettet. Ein anna positiv effekt ved å møtast er at vi saman kan styrkje og oppmuntre kvarandre. Det er godt å

kunne kjenne seg som ein del av eit større fellesskap. Saman vert vi sterke.

Det vil også kunne vere høve til å ta opp saker av felles interesse. Eksempel på dette er Prison Fellowship i Noreg (PFN) sitt framstøt overfor departementet om å få etablert ei kristen besøktsteneordning på line med den Røde Kors har. Dagens ordning gjer det vanskeleg å gje eit godt tilbod om tomannssamtaler om åndelege spørsmål, sjelesorg og bønnefellesskap. Det vil vere langt lettare for PFN å få gjennomslag dersom alle kristne organisasjonar samlar seg om denne tenesta, og at til dømes PFN står ansvarlege for opplegget rundt opplæring og oppfølging.

SAMAN ER VI STERKE

Dersom dei kristne står saman, vil vi kunne verte ei stor gruppe som kan ta opp fleire viktige spørsmål og problemområde, og dermed få større gjennomslagskraft dersom vi ønskjer å skape endringar. Eit eksempel her kan vere FFPs kamp for at pårørende med ansvar for barn som har ektefeller i fengsel, kan få status som einslege forsørgarar uten å måtte gå

vegen om separasjon og skilsmisse. Kva med å peike på umenneskelege forhold for fangar med psykiske lidningar eller uhaldbare besøksordningar for fangar som har barn? Lista kan gjerast lang.

Maritastiftelsen, PFN og Indremisjonsselskapet har tatt initiativet til å få satt disse planene ut i liv, og den 13. november ble det første møte i Kontaktforum for kristent fengselsarbeid avholdt, i Oslo. Menigheter, organisasjoner, stiftelser og andre aktører innenfor dette arbeidsfeltet var invitert, og her ble det blant annet utvekslet tanker og visjoner omkring et slikt forum. Valg av styre for Kontaktforumet ble også avholdt.

Resultatene av dette møte, samt vedtatte veivalg for det videre arbeid kan du lese mer om i neste Diakonos. ●



DEN NORSKE KIRKE I KARMØY SKUDENES PRESTEGJELD

Soknediakon



Skudenes prestegjeld består av Falnes og Ferkingstad sokn. Prestegjeldet ligger på Syd-Karmøy i Rogaland fylke. Folketallet i prestegjeldet er ca 5.500. Diakonen arbeider i stabsfellesskap med sokneprest, kateket, organist, menighetssekretær, kirketjener og kontorfullmektig. Det er også nytilsatt diakon i nabo-prestegjeldet.

Arbeidsoppgaver

Diakonen skal i samarbeid med diakoniutvalgene lede menighetenes diakonale arbeid. Diakonen skal gå inn i de oppgaver som er nevnte i tjenesteordning for diakoner, med særlig vekt på:

- styrking av omsorgsfellesskap
- rekruttering, opplæring og veiledning av frivillige medarbeidere
- sorgarbeid

I tillegg vil diakonen fungere som klokke annen hver søndag i Falnes kirke.

Andre arbeidsoppgaver kan vektlegges etter ønske fra søker.

Kvalifikasjoner

- søker må ha kvalifikasjoner som tilfredsstiller kravet til sokne diakon i Den norske kirke
- relevant erfaring og personlig egnethet vil bli vektlagt
- søkeren må tilhøre Den norske kirke

Lønn

- stillingen er plassert i lr 8 (lfr 17 - 33). Direkte lønsplassering ved særlig kvalifiserte søkere
- stillingen er innlemmet i den kommunale pensjonsordning

Søknadsfrist: 05.12.97

Søknad vedlagt attester og vitnemål sendes:

Karmøy kirkelig fellestråd

Rådhuset - Postboks 200

4251 Kopervik

Nærmere opplysninger om stillingen kan fås ved henvendelse til kirkevergekontoret, tlf. 52 85 71 27.